

Denne protokollen vart endra 21.09.21 i tråd med vedtak i «GK 15/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse 25.05.2021» i møte 08.09.21.

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for opplæring og kompetanse
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	25.05.2021
Tid:	09:00-17:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Åsmund Berthelsen	Nestleiar	SV
Emil Gadolin	Medlem	A
Nina Bognøy	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A, perm frå kl 16:15
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP
Sigurd Reksnes	Medlem	SP
Pauline Tomren	Medlem	MDG
Rosalind Fosse	Medlem	FrP
Sonja M. Øvre Flo	Medlem	H
John Andre Kongsvik	Medlem	H
Svein Halleraker	Medlem	H
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	KrF
Nils Haugland	Medlem	FNB
Jeanette O. Syversen	Medlem	R

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karianne Alette Torvanger	Leiar	A

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Roberto Tanaia	Karianne Torvanger	A

Merknader

Nestleiar Åsmund Berthelsen var møteleiar for dette møtet. Leiar Karianne Torvanger hadde forfall.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Birthe Andersen Haugen	Seksjonssjef, opplæring og kompetanse

Ingeborg Lie Fredheim	Seniorrådgjevar, opplæring og kompetanse
Mari Kristine Morberg	Mobbeombod, Vestland fylkeskommune
Merethe Helland Nordnæs	Seniorrådgjevar/møtesekretær

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Arkiv-saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 10/21	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 11/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse 27.04.2021	2019/130	
	Referatsaker		
RS 21/21	Meld. St. 18 (2020-2021) Oppleve, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge	2021/16616	
RS 22/21	Jobbsjansen del B- grunnskuleopplæring for minoritetsspråklege	2021/18269	
RS 23/21	Covid-19 - statlege tilskot	2021/2704	
RS 24/21	Fagbrev på jobb	2020/41026	
RS 25/21	Oversikt planlagde politiske saker i folkevalde organ - hausten 2021	2020/43973	
RS 26/21	Politisk skuleval 2021	2021/19576	
RS 27/21	Erfaringar frå arbeid med skulemiljøsaker i vidaregåande skule	2021/20150	
RS 28/21	Orientering om ny budsjettfordelingsmodell til dei vidaregåande skulane		
RS 29/21	Brev frå tillitsvalde for utdanningsforbundet i Sogn og Fjordane: «Har vi mista målet om å bli «landets beste skule» ut av sikte?»		
	Skriftlege spørsmål		
SI 6/21	Spørsmål frå Tomren (MDG) - teknisk arbeidsutstyr for tilsette i fylkeskommunen	2020/38206	
SI /21	Spørsmål frå Syversen (R) - kartlegging av målbyte i dei vidaregåande skulane		
	Politiske saker		
PS 24/21	Landslinetilbod toppidrett i skiidrettar ved Voss gymnas	2021/5823	
PS 25/21	Folkehelseprofilar 2021. Oppdatering av status i Vestland	2021/17686	
PS 26/21	Foreningen Danielsen intensivgymnas- søkad etter friskulelova om tilbod i yrkesfag- uttale frå Vestland fylkeskommune	2021/16092	
PS 27/21	Tertialrapport pr. april 2021 - rekneskapsprognose	2021/18125	
PS 28/21	Tilhøve for ungdom på hybel	2021/18407	
PS 29/21	Samarbeid om utstyr mellom skule og næringsliv	2020/73823	
PS 30/21	Budsjett 2022/økplan 2022-2025 - arbeidsdokument 2/21-hovudutvalshandsaming	2021/18995	
PS 31/21	Framtidig nettopplæringstilbod for elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune	2021/19208	
PS 32/21	Strategisk samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet og Vestland fagskule	2021/19553	
PS 33/21	Koronaundersøkinga i Vestland. Utvalde resultat frå FHI si nasjonale undersøking	2020/79521	
PS 34/21	Prinsipp - val av skulenamn på nye vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune	2021/19771	
PS 35/21	Oppnemning av saksordførar i arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland	2021/5942	
PS 36/21	Endringar til sak 19/21 justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22 - idrettstilbodet ved Sogndal vgs og presisering av vedtakspunkt 5.	2020/70893	

Godkjenningssaker

GK 10/21 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Orientering om ny budsjettfordelingsmodell til dei vidaregåande skulane burde vore ein RS-sak.

Brev frå tillitsvalde for utdanningsforbundet i Sogn og Fjordane: «Har vi mista målet om å bli «landets beste skule» ut av sikte ?» burde vore ein RS-sak.

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å sette følgjande saker på sakskartet utan saksførelegg:

RS 28/21 Ny budsjettfordelingsmodell til dei vidaregåande skulane.

RS 29/21 Brev frå tillitsvalde for utdanningsforbundet i Sogn og Fjordane: «Har vi mista målet om å bli «landets beste skule» ut av sikte ?

Pauline Tomren, MDG: Etterlyste saka «Rapportering på oppfølging av plaststrategi» sett på sakslista til dette møtet.

Emil Gadolin, A: Etterlyste budsjettberegningsmodell, dvs den tekniske beregningsmodellen til dette møtet.

Møteleiar: Det kan bli aktuelt med et ekstramøte før sumaren angående budsjettberegningsmodellen.

Jeanette Syversen, R, Etterlyste saka «Vestland som antirasistisk sone» til dette møtet.

Fylkesdirektør opplæring orienterte kort om muntleg eksamen og om mogelegheitar for streik blant lærarar.

Vedtak

Innkallinga og sakslista vart godkjent med merknadene ovanfor.

Orienteringar:

Ny budsjettforhandlingsmodell til dei vidaregåande skulane v/seksjonsleiar Birthe Andersen Haugen

og seksjonsleiar Ingeborg Lie Fredheim.

Erfaringar frå arbeid med skulemiljøsaker i den vidaregåande skule ved mobbeombod Mari Kristine Morberg.

GK 11/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse 27.04.2021

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Vedtak

Møteboka frå møte den 27.04.2021 vart godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 21/21 Meld. St. 18 (2020-2021) Oppleve, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge
Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

RS 21/21 vart referert.

RS 22/21 Jobbsjansen del B- grunnskuleopplæring for minoritetsspråklege
Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

RS 22/21 vart referert.

RS 23/21 Covid-19 - statlege tilskot
Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

RS 23/21 vart referert.

RS 24/21 Fagbrev på jobb
Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

RS 24/21 vart referert.

RS 25/21 Oversikt planlagde politiske saker i folkevalde organ - hausten 2021
Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

RS 25/21 vart referert.

RS 26/21 Politisk skuleval 2021
Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

RS 26/21 vart referert.

RS 27/21 Erfaringar frå arbeid med skulemiljøsaker i vidaregåande skule
Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

RS 27/21 vart referert.

RS 28/21 Orientering om ny budsjettfordelingsmodell til dei vidaregåande skulane
Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

RS 28/21 vart referert.

RS 29/21 Brev frå tillitsvalde for utdanningsforbundet i Sogn og Fjordane: «Har vi mista målet om å bli «landets beste skule» ut av sikte ?»
Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

RS 29/21 vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 6/21 Spørsmål frå Tomren (MDG) - teknisk arbeidsutstyr for tilsette i fylkeskommunen

Svar på spørsmål frå representanten Tomren (MDG) til hovudutval for opplæring og kompetanse 25. mai

Representanten Tomren (MDG) har i e-post av 18. mai følgande spørsmål til møtet i Oppko 25. mai:

Spørsmål om PC for tilsette i fylkeskommunen

På Osterøy VGS har lærarar fått tilbod om å bytte ut dei gamle jobb PC-ane som dei har hatt i fem år, sjølv om mange ikkje har problem med dei gamle datamaskinane. Ein lærar der har sagt at han opplever seg pressa til å ta imot ein ny PC med ladar, med fraser som "det er no du har sjansen!". I Noreg forbrukar vi som om vi har tre jordklodar, og Vestland fylkeskommune bør vere med på å motarbeide dette ved å legge opp til eit redusert forbruk i eigen organisasjon.

Spørsmål

- kor ofte blir teknisk arbeidsutstyr bytta ut for tilsette i fylkeskommunen?
- korfor anbefaler fylkeskommunen tilsette å bytte ut arbeidsutstyr som er i god stand?
- Kva blir gjort for å hindre forbrukspress for dei tilsette i fylkeskommunen?

Om lærebøker og digitale læringsressursar

No får lærarar spørsmål om dei vil bestille inn fysiske lærebøker til undervisning frå og med hausten med nye læreplanar, eller om dei berre vil nytte seg av digitale ressursar som NDLA. Det kan bli eit vanskeleg val for mange lærarar, som kanskje ikkje vil bruke unødvendige ressursar på fysiske bøker, men som også ønsker å gi dei beste hjelpemidla til elevane sine.

Spørsmål

- Finst det forskning på elevane sin trivsel og læreutbytte når det kjem til om dei nyttar seg av fysiske lærebøker kontra å berre nytte seg av digitale læringsressursar?

Svar på spørsmål om PC for tilsette i fylkeskommunen:

Vestland fylkeskommune nyttar i all hovudsak gjeldande bransjestandard når det gjeld innkjøp, drift og forvaltning av personleg datautstyr. Standard garantitid på ei datamaskin til bedriftsmarknaden er 3 år, men Vestland fylkeskommune skiftar ikkje ut datamaskin før den er blitt ca 4,5 år. Eksterne skjermar og webkamera blir gjerne ikkje skifta ut med same takt grunna mindre slitasje på desse, medan headset, tastatur og mus kan bli skifta ut før det har gått 4,5 år grunna nettopp større slitasje.

Det er ein grunn til at leverandørar har 3 års garanti som standard på datamaskiner. Datamaskiner er full av elektronikk som over tid blir utsett for varme, støv, tilkopling av diverse periferutstyr for å nemne nokre «slitasje-faktorar». I tillegg blir batteriet stadig svakare som naturleg bruk av maskina, og nettopp batteri er særleg viktig med tanke på praktisk bruk av ei berbar datamaskin. Vidare leverer programvareleverandørane jamleg nye programvareversjonar som gjer det naudsynt med utskifting for å ha tilstrekkeleg kapasitet. Dette kan vere krav til kraftigare prosessor, skjermkort, større diskplass eller ein kombinasjon av desse.

Vestland fylkeskommune har som nemnt lagt seg på ein utskiftingstakt på ca 4,5 år for datamaskiner. Dette er som nemnt over basert på gjeldande bransjestandard, og viktig for å sikre at våre tilsette skal ha så føreseielege IKT-tenester som mogleg for å kunne utføre sitt arbeid - og med dette vere i førekant av tekniske feil eller kapasitetsbehov. Når vi skiftar ut datamaskiner gjer vi dette gjennom større bulkkjøp for å sikre betre prisar og mindre transport enn vi ville fått ved stykk-kjøp, i tillegg til å sikre god kvalitet på produktet.

Svar på spørsmål om lærebøker og digitale læringsressursar

Utifrå innleiinga til spørsmålet og samanhengen spørsmålet vert stilt, legg vi til grunn at «å nytte seg av trykte lærebøker» inneber at ein nyttar digitale verktøy og ressursar i tillegg - slik som sentrale føringar og læreplanar jf. Kunnskapsløftet og Fagfornyinga krev.

Det finst ikkje forskning, så vidt oss kjent, der ein har kunne måle trivsel og læringsutbytte ved bruk av fysiske lærebøker kontra det å berre nytte seg av digitale læringsressursar.

Å måle trivsel og læringsutbytte når ein berre nyttar seg av digitale læremiddel, og samanlikning med grupper som også har tilgang til trykte lærebøker, lar seg vanskeleg gjere på grunn av mengda faktorar som spelar inn på elevane sin trivsel og læringsutbytte i skulen.

Der finst litt erfaringar i grunnskulen, t.d. med bruk av Chromebook og iPad, der ein over noko tid har evaluert skular og klassar som har jobba utan fysiske lærebøker. Stor skilnad i alder, fag og innhald, og kva digitale ressursar og verktøy som vert nytta, gjer at mellom anna erfaringar med tekstbok-appar som erstatning for trykte lærebøker blir lite relevante for vidaregåande opplæring. Ein viktig erfaring ifrå «heildigitale klasserom» i grunnskulen, som vi finn igjen i forskning på IKT og læring generelt, er at læraren sin rolle er heilt avgjerande for om ein lukkast med undervisninga. Dette samsvarar med nasjonal og internasjonal forskning som visar at læraren sin rolle og digitale- og didaktiske kompetanse er avgjerande for å kunne utnytte digitale ressursar på måtar som fremjar trivsel og godt læringsutbytte.

SI /21 Spørsmål frå Syversen (R) - kartlegging av målbyte i dei vidaregåande skulane

Representanten **Syversen (Raudt)** har stilt følgjande spørsmål til fungerande utvalsleiar som vedlegg til e-post 20.mai.

KARTLEGGJING AV MÅLBYTE I DEI VIDAREGÅANDE SKULANE I FYLKET.

I førre utvalsmøte 27.april reiste representanten Fosse Andersen (SP) eit viktig og aktuelt spørsmål om tiltak for å hindre målbyte i den vidaregåande skulen. I svaret frå fylkesdirektøren gjekk det fram at det var lite forskning og dokumentasjon på årsaker til at ungdom byter målform. Fylkesdirektøren viste likevel til ei forskingsundersøking frå 2014 (PROBA samfunnsanalyse) som peika på noen påverknadsfaktorar som tv, radio, internett, trykte medium og bøker - og at lærarane er ein avgjerande faktor. Fylkesdirektøren svarte og at han ville følgje opp med eigna tiltak gjennom dialog og oppfylgning av dei vidaregåande skulane.

Vestland fylkesting har gått inn for å vere eit nynorskfylke og styrke nynorsken si stilling på fleire felt.

Samstundes er det grunn til å tru at målbyte frå nynorsk til bokmål har forsterka seg, spesielt i språkdelte område i fylket, ikkje minst i randsonene til Bergen. I fylgje Hordaland Mållag skjer dette både frå barne- til ungdomstrinnet og frå ungdomstrinnet til vidaregåande trinn.

Difor er det på høg tid å få gjennomført ei oppdatert kartlegging av omfanget og årsaker til målbyttet i dei vidaregåande skulane i fylket, for betre å kunne iversetje tiltak for å motverke målbyte og styrke nynorsken.

På denne bakgrunn vil eg spørje:

1. Er utvalsleiaren samd i at det er behov for ei slik kartlegging i den vidaregåande skulen i regi av Vestland fylke?
2. Om svaret er ja, bør etter mitt syn utvalet be fylkesdirektøren om å leggje fram ei sak om korleis ei slik kartlegging kan gjennomførast. Er utvalsleiaren samd i dette?

Svar på spørsmål frå Syversen (Raudt) frå fungerande utvalsleiar om kartlegging av målbyte i dei vidaregåande skulane i fylket:

Representanten Jeanette O. Syversen (Raudt) har stilt to konkrete spørsmål som gjeld målbyte i vidaregåande skule. Ho vil vite om utvalsleiaren meiner det er behov for ei kartlegging av dette, og om mitt syn på om utvalet skal be fylkesdirektøren om å legge fram ei sak som korleis ei slik kartlegging kan gjennomførast.

For mange elevar byter frå nynorsk til bokmål når dei byrjar på vidaregåande skule. Det er eit mål å få fleire elevar til å halde fram med nynorsk som hovudmål; for å styrke nynorsken generelt, for identitetskjensla og for at elevane skal verte gode språkbrukarar.

Vi veit ein del om kvifor dei byter mål, men ikkje nok. Eg meiner vi treng ei nærare kartlegging her i Vestland for å finne ut meir om årsakene i vårt fylke. Vi treng å vite meir for å kunne sette inn dei rette tiltaka. Difor har eg alt bede fylkesdirektøren førebu ei sak om dette til Hovudutvalet. Eg håpar

vi kan få ei slik sak i utvalet så snart som mogleg til hausten. Saka må også innehalde forslag til korleis ei kartlegging av årsakene til målbytte kan gjennomførast.

Målbyte og bruk av nynorsk i den vidaregåande skulen har vore tema på fleire møte mellom Hordaland mållag med fleire og administrativt og politisk nivå i fylkeskommunen. Her har det vore drøfta fleire konkrete tiltak for å styrke nynorsken. Hordaland Mållag har nyleg sendt eit notat med fleire forslag. Notatet vil bli sendt over til administrasjonen.

Politiske saker

PS 24/21 Landslinetilbud toppidrett i skiidrettar ved Voss gymnas

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse støttar ein søknad om landslinetilbud i toppidrett i skiidrettar ved Voss gymnas.
2. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse utformar og sender søknad til Utdanningsdirektoratet med mål om oppstart av tilbudet til skuleåret 2023/24.

Saksprotokoll i Hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse støttar ein søknad om landslinetilbud i toppidrett i skiidrettar ved Voss gymnas.
2. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse utformar og sender søknad til Utdanningsdirektoratet med mål om oppstart av tilbudet til skuleåret 2023/24.

PS 25/21 Folkehelseprofilar 2021. Oppdatering av status i Vestland

Forslag til vedtak:

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.

PS 26/21 Foreningen Danielsen intensivgymnas- søkad etter friskulelova om tilbud i yrkesfag- uttale frå Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget i Vestland stiller seg positive til Stiftelsen Danielsen sin søknad til Utdanningsdirektoratet om etablering av yrkesfag i Bergen.
2. Den planlagde kapasiteten i bygg- og anleggsteknikk og naturbruk vil ikkje ha store negative konsekvensar for tilboda i den offentlege skulestrukturen.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 19.05.2021

Roger Pilskog, LO, sette fram slikt forslag:

«Yrkesopplæringsnemnda er glad for at interessa for yrkesfag er aukande, også mellom utdanningstilbydarane. 65 plassar i Bygg og anleggsteknikk er ein betydeleg del av søkjarane i Vestland. 30 plassar i Naturbruk utgjør ein enno større del av søkjarane. Samstundes blir det eit nytt tilbud i naturbruk på Bømlo, som er støtta av nemnda og svarar ut arbeidslivets behov. Vi har enno ikkje hausta erfaringar med dette.

I saka synes det til behov for auka kapasitet i Bergen for Bygg og anleggsteknikk. Det er mykje rett akkurat no, men dette er bransjar med konjunktursvingingar, og framtida kan det også verte behov for å redusere kapasitet. For havbruksnæringa synast det til at den er i rivande utvikling. Nemnda er kjent med det, men kan ikkje sjå at det er god analyse for å vurdere framtidens behov for lærlingar, og kva lærlingar som i fall er trong for.

Saka er heller ikkje utgreia eller dokumentert med omsyn til kva bedrifter som skal samarbeide med Danielsen om intensjonsavtalar, tilgang til YFF og etter kvart lære plassar. Er desse lærebedriftene dei same som fylkeskommunen har avtale med? I fall, må fylkeskommunen revurdere sin kapasitet på einskildskular, fordi eit nytt tilbud føre til at andre elevar ikkje får lære plass? Nemnda meiner at slike spørsmål må vere avklara før ein tek stilling til kva behov som finns.

Nemnda viser til at vi i fleire høve har uttala at dei ulike tilboda på yrkesfag må etablerast nærast mogleg dei verksemdene som har trong for lærlingar. Samstundes må tilboda ha ein viss storleik for å ha kvalitet. Nemnda er uroa for at eit sentralisert tilbod vil føra at utdanningstilbod i distrikta vert svekka og jamvel nedlagd. Vi viser til at arbeidslivets behov for faglært arbeidskraft og lærlingar skal vere styrande, og det arbeidslivet finns i heile Vestland.

Det er gjort eit stort og godt arbeid i Vestland fylkeskommune med å dimensjonera tilboda i skulen meir i tråd med arbeidslivets behov, for å mellom anna sikre at elevane skal ha tilgang på læreplass. Det har vore ein krevjande prosess å mellom anna redusera tilbod ungdom gjerne søker, men som vi veit at det ikkje er nok læreplassar til. Rett dimensjonering av tilboda på yrkesfag er eit arbeid som endrar karakter frå år til år med skiftande konjunkturar, søkemønster med meir.

Skal fylkeskommuna ha moglegheit å sikra flest mogleg læreplass, må fylkeskommuna ha mynde over kva tilbod som skal opprettast eller nedleggast på ulike skular i fylket. Dersom det etablerast yrkesfaglege tilbod utanfor fylkeskommunens mynde, vil fylkeskommunas moglegheit å skaffe alle læreplass verte undergravid og på sikt bli vekk. Skal slike tilbod verte oppretta, ser nemnda det som ein føresetnad at lov og forskrift vert endra slik at fylkeskommuna har mynde over alle yrkesfaglege tilbod som gis.

Yrkesopplæringsnemnda ser ikkje at dette kan ivaretakast, og kan difor ikkje stø fylkesrådmannens innstilling.»

Avrøysting

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Yrkesopplæringsnemnda er glad for at interessa for yrkesfag er aukande, også mellom utdanningstilbydarane. 65 plassar i Bygg og anleggsteknikk er ein betydeleg del av søkjarane i Vestland. 30 plassar i Naturbruk utgjer ein enno større del av søkjarane. Samstundes blir det eit nytt tilbod i naturbruk på Bømlo, som er støtta av nemnda og svarar ut arbeidslivets behov. Vi har enno ikkje hausta erfaringar med dette.

I saka synes det til behov for auka kapasitet i Bergen for Bygg og anleggsteknikk. Det er mykje rett akkurat no, men dette er bransjar med konjunktursvingingar, og framtida kan det også verte behov for å redusera kapasitet. For havbruksnæringa synast det til at den er i rivande utvikling. Nemnda er kjent med det, men kan ikkje sjå at det er god analyse for å vurdere framtidas behov for lærlingar, og kva lærlingar som i fall er trong for.

Saka er heller ikkje utgreia eller dokumentert med omsyn til kva bedrifter som skal samarbeide med Danielsen om intensjonsavtalar, tilgang til YFF og etter kvart læreplassar. Er desse lærebedriftene dei same som fylkeskommunen har avtale med? I fall, må fylkeskommunen revurdere sin kapasitet på einskildskular, fordi eit nytt tilbod føre til at andre elevar ikkje får læreplass? Nemnda meiner at slike spørsmål må vere avklara før ein tek stilling til kva behov som finns.

Nemnda viser til at vi i fleire høve har uttala at dei ulike tilboda på yrkesfag må etablerast nærast mogleg dei verksemdene som har trong for lærlingar. Samstundes må tilboda ha ein viss storleik for å ha kvalitet. Nemnda er uroa for at eit sentralisert tilbod vil føra at utdanningstilbod i distrikta vert svekka og jamvel nedlagd. Vi viser til at arbeidslivets behov for faglært arbeidskraft og lærlingar skal vere styrande, og det arbeidslivet finns i heile Vestland.

Det er gjort eit stort og godt arbeid i Vestland fylkeskommune med å dimensjonera tilboda i skulen meir i tråd med arbeidslivets behov, for å mellom anna sikre at elevane skal ha tilgang på læreplass. Det har vore ein krevjande prosess å mellom anna redusera tilbod ungdom gjerne søker, men som vi veit at det ikkje er nok læreplassar til. Rett dimensjonering av tilboda på yrkesfag er eit arbeid som endrar karakter frå år til år med skiftande konjunkturar, søkemønster med meir.

Skal fylkeskommuna ha moglegheit å sikra flest mogleg læreplass, må fylkeskommuna ha mynde over kva tilbod som skal opprettast eller nedleggast på ulike skular i fylket. Dersom det etablerast yrkesfaglege tilbod utanfor fylkeskommunens mynde, vil fylkeskommunas moglegheit å skaffe alle læreplass verte undergravid og på sikt bli vekk. Skal slike tilbod verte oppretta, ser nemnda det som ein føresetnad at lov og forskrift vert endra slik at fylkeskommuna har mynde over alle yrkesfaglege tilbod som gis.

Yrkesopplæringsnemnda ser ikkje at dette kan ivaretakast, og kan difor ikkje stø fylkesrådmannens innstilling.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Emil Gadolin, A, sette på vegner av A, SV, SP og R fram slikt forslag:

«Forslag til vedtak (erstatte fylkesrådmannen sin innstilling):

1. Utval for opplæring og kompetanse stiller seg negative til Stiftelsen Danielsen sin søknad til Utdanningsdirektoratet om etablering av yrkesfag i Bergen.
2. Utval for opplæring og kompetanse syner til samrøystes tilråding frå yrkesopplæringsnemnda i møte 19.05.2021. Utvalet stør tilrådinga til yrkesopplæringsnemnda, og ber om at denne vert vedlagt i uttalen frå Vestland fylkeskommune.
3. Utval for opplæring og kompetanse ber Utdanningsdirektoratet både vurdere konsekvensane for dei einskilde utdanningsprogramma, for tilboda sitt geografiske nedslagsfelt og dei meir generelle konsekvensane av ein aukande del privatskuleplassar totalt sett i fylket over tid.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 6 røyster (3 H, FrP, MDG og KrF) og falt.

Gadolin sitt forslag fekk 9 røyster (A, SV, SP, R og FNB) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling

1. Fylkestinget stiller seg negative til Stiftelsen Danielsen sin søknad til Utdanningsdirektoratet om etablering av yrkesfag i Bergen.

2. Fylkestinget syner til samrøystes tilråding frå yrkesopplæringsnemnda i møte 19.05.2021. Utvalet stør tilrådinga til yrkesopplæringsnemnda, og ber om at denne vert vedlagt i uttalen frå Vestland fylkeskommune.

3. Fylkestinget ber Utdanningsdirektoratet både vurdere konsekvensane for dei einstilte utdanningsprogramma, for tilboda sitt geografiske nedslagsfelt og dei meir generelle konsekvensane av ein aukande del privatskuleplassar totalt sett i fylket over tid.

PS 27/21 Tertialrapport pr. april 2021 - rekneskapsprognose

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering

2. Investering: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

	kr 1 000
Bompengepakkar	-195 366
Store investeringsprosjekt	-62 765
Tunnelrehabilitering	132 555
Mindre utbetringar	-83 560
Gang- og sykkelveg	28 377
Trafikktryggingstiltak	11 294
Kollektivtrafikktiltak	7 059
Miljø og servicetiltak	3 804
Planlegging	6 085
Øvrig	18 101
Skredsikring	92 529
Sum vegar	-41 887
Askøy vgs.	-30 000

Nye Førde vgs / THT Førde	60 000
Måløy vgs. - opplæringsfartøy	-30 000
Måløy vgs. -rehab. bl. A og D	-30 000
Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	-20 000
Mo og Øyrane vgs - rehab./omb. internat	-5 100
Måløy vgs. - akvahall	-4 000
Nytt fylkeshus	-80 000
Tannklinikkar	5 000
Felles IT investeringar	13 000
Sum bygg	-121 100
<hr/>	
Finansiering:	
Mva komp.	-32 987
Bompengar	-98 000
Lån	-32 000
Sum finansiering	-162 987
<hr/>	

3. Drift: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i driftsbudsjettet:

kr 1 000

Løyvingsniv å	Tekst	Meirutg. Mindreinnt.	Meirinnt.
1	Rammetilskot		168 147
22	Forsking, kompetanse, internasj.	35 547	
51	Billettinntekter kollektiv	132 600	
		168 147	168 147

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering

2. Investering: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

	kr 1 000
Bompengepakkar	-195 366
Store investeringsprosjekt	-62 765
Tunnelrehabilitering	132 555
Mindre utbetringar	-83 560
Gang- og sykkelveg	28 377
Trafikktryggingstiltak	11 294
Kollektivtrafikktiltak	7 059
Miljø og servicetiltak	3 804
Planlegging	6 085
Øvrig	18 101
Skredsikring	92 529
<hr/> Sum vegar	<hr/> -41 887
Askøy vgs.	-30 000
Nye Førde vgs / THT Førde	60 000
Måløy vgs. - opplæringsfartøy	-30 000
Måløy vgs. -rehab. bl. A og D	-30 000
Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	-20 000
Mo og Øyrane vgs - rehab./omb. internat	-5 100
Måløy vgs. - akvahall	-4 000
Nytt fylkeshus	-80 000
Tannklinikkar	5 000
Felles IT investeringar	13 000
<hr/> Sum bygg	<hr/> -121 100
 Finansiering:	
Mva komp.	-32 987
Bompengar	-98 000
Lån	-32 000
<hr/> Sum finansiering	<hr/> -162 987

3. Drift: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i driftsbudsjettet:

kr 1 000

Løyvingsniv å	Tekst	Meirutg. Mindreinnt.	Meirinnt.
1	Rammetilskot		168 147

PS 28/21 Tilhøve for ungdom på hybel

Forslag til innstilling

1. Fylkesrådmannen tilrår, innanfor ramma som kompetanseplanen set, å tilby kompetanseheving av personell som arbeidar med sosialpedagogiske tiltak for elevar. Kompetente vaksne er avgjerande for å kunne arbeide systematisk og målretta med å betre hybelbuarane sine tilhøve.

2. Fylkesrådmannen tilrår at det blir etablert eit felles system for registrering av hybelbuarar ved alle dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.

3. Fylkesrådmannen tilrår at det i dialogen med rektorar og opplæringskontor vert retta merksemd på hybelbuarar og oppfølging av dei.

4. Tiltaka vert finansiert innanfor avdelinga sin gjeldande budsjettramme..

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 19.05.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

1. Fylkesrådmannen tilrår, innanfor ramma som kompetanseplanen set, å tilby kompetanseheving av personell som arbeidar med sosialpedagogiske tiltak for elevar. Kompetente vaksne er avgjerande for å kunne arbeide systematisk og målretta med å betre hybelbuarane sine tilhøve.

2. Fylkesrådmannen tilrår at det blir etablert eit felles system for registrering av hybelbuarar ved alle dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.

3. Fylkesrådmannen tilrår at det i dialogen med rektorar og opplæringskontor vert retta merksemd på hybelbuarar og oppfølging av dei.

4. Tiltaka vert finansierte innanfor avdelinga sin gjeldande budsjetttramme.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Pauline Tomren, MDG, sette på vegner av MDG, SV, A, SP og KrF fram slikt tilleggsforslag:

«Tillegg til punkt 2

Registeret skal brukast til å jobbe for betre oppfølging av elevar og lærlingar som bur på hybel.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Tomren sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesrådmannen tilrår, innanfor ramma som kompetanseplanen set, å tilby kompetanseheving av personell som arbeidar med sosialpedagogiske tiltak for elevar. Kompetente vaksne er avgjerande for å kunne arbeide systematisk og målretta med å betre hybelbuarane sine tilhøve.

2. Fylkesrådmannen tilrår at det blir etablert eit felles system for registrering av hybelbuarar ved alle dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune. Registeret skal brukast til å jobbe for betre oppfølging av elevar og lærlingar som bur på hybel.

3. Fylkesrådmannen tilrår at det i dialogen med rektorar og opplæringskontor vert retta merksemd på hybelbuarar og oppfølging av dei.

4. Tiltaka vert finansierte innanfor avdelinga sin gjeldande budsjetttramme.

PS 29/21 Samarbeid om utstyr mellom skule og næringsliv

Forslag til innstilling

1. Hovudutvalet tar saka til orientering. Det er viktig at det er tett samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og det lokale arbeidslivet med arbeidslivet som ein sentral læringsarena som gir elevane ein kompetanse som arbeidslivet etterspør, som sikrar arbeidslivstilknytting og lettar overgangen frå opplæring til arbeidsliv.
2. I det vidare arbeidet med samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og næringslivet er det viktig at dette er forankra i avtalar som tar i vare dei pedagogiske, økonomiske og juridiske sidene ved eit slikt samarbeid.
3. Samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og lokalt næringsliv bør byggje på lokale erfaringar og føresetnader.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 19.05.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

4. Hovudutvalet tar saka til orientering. Det er viktig at det er tett samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og det lokale arbeidslivet med arbeidslivet som ein sentral læringsarena som gir elevane ein kompetanse som arbeidslivet etterspør, som sikrar arbeidslivstilknytting og lettar overgangen frå opplæring til arbeidsliv.
5. I det vidare arbeidet med samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og næringslivet er det viktig at dette er forankra i avtalar som tar i vare dei pedagogiske, økonomiske og juridiske sidene ved eit slikt samarbeid.
6. Samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og lokalt næringsliv bør byggje på lokale erfaringar og føresetnader.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 25.05.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutvalet tar saka til orientering. Det er viktig at det er tett samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og det lokale arbeidslivet med arbeidslivet som ein sentral læringsarena som gir elevane ein kompetanse som arbeidslivet etterspør, som sikrar arbeidslivstilknytting og lettar overgangen frå opplæring til arbeidsliv.
2. I det vidare arbeidet med samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og næringslivet er det viktig at dette er forankra i avtalar som tar i vare dei pedagogiske, økonomiske og juridiske sidene ved eit slikt samarbeid.
3. Samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og lokalt næringsliv bør byggje på lokale erfaringar og føresetnader.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

7. Hovudutvalet tar saka til orientering. Det er viktig at det er tett samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og det lokale arbeidslivet med arbeidslivet som ein sentral læringsarena som gir elevane ein kompetanse som arbeidslivet etterspør, som sikrar arbeidslivstilknytting og lettar overgangen frå opplæring til arbeidsliv.
8. I det vidare arbeidet med samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og næringslivet er det viktig at dette er forankra i avtalar som tar i vare dei pedagogiske, økonomiske og juridiske sidene ved eit slikt samarbeid.
9. Samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og lokalt næringsliv bør byggje på lokale erfaringar og føresetnader.

**PS 30/21 Budsjett 2022/økplan 2022-2025 - arbeidsdokument 2/21-
hovudutvalshandsaming**
Forslag til uttale

Hovudutvalet viser til vedlagt arbeidsdokument nr. 2/21 som kjem til handsaming i finansutvalet sitt møte 1. juni.

Hovudutvalet har følgjande innspel til arbeidsdokumentet nr. 2/21:

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Åsmund Berthelsen, SV, sette på vegner av SV, A, SP, KrF og MDG fram slikt forslag:

«Forslag til uttale

Opplæring- og kompetansesektoren har svært mykje å seie for Vestlandsamfunnet. Gjennom samfunnsoppdraget vårt skal me skape vekst og utvikling i heile fylket, utjamne sosiale skilnader mellom barn og unge og møte innbyggjarane våre med tilbod med høg kvalitet. Opplæring og kompetanse har eit breitt spekter av oppgåver. Dette krev eit mangfald av tilbod og løysingar. Opplæring er ein stor og arbeidsintensiv sektor, og det er saman med våre dyktige tilsete me løyser samfunnsoppdraget og når dei måla fylkestinget har sett for Vestland fylkeskommune. Hovudutval for opplæring og kompetanse vil løfte fram det fantastiske arbeidet som skjer i opplæringsfeltet i sektoren.

I sak om budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument - hovudutvalshandsaming peikar fylkesrådmannen på elevtalsutviklinga og større del av elevar på yrkesfag. Dei to fyrste åra er det ein liten nedgang (kjelde SSB), men i 2025 vil det vere om lag 576 fleire 16-18 åringar i Vestland fylke. Fylkesrådmannen slår med rette fast at dreininga frå studieførebuande til yrkesfaglege utdanningsprogram utfordrar tilbodsstrukturen og dei økonomiske rammene fordi dei yrkesfaglege tilboda har færre elevar pr. klasse. Overgangen er ei ynskt utvikling og vidare arbeid i den leia krev rom i dei økonomiske rammene for sektoren.

Vidare vil hovudutvalet peike på behovet for å auke opp tal klassar yrkesfag i Stor-Bergen. Utvalet syner her til politisk sak 19/21 og 20/21.

Hovudutvalet for opplæring og kompetanse viser også til brev frå Utdanningsforbundet Vestland 27.4.2021 og brev frå Utdanningsforbundet sine tillitsvalde på dei vidaregåande skulane nord i fylket (tidlegare Sogn og Fjordane)

Utvalet finn det rett å synleggjere dei tilsette sine bekymringar for konsekvensane av dei økonomiske rammene til sektoren når handsaminga av budsjett for 2022 og økonomiplan for 2022-2025 startar.

Fylkestinget vedtok i desember 2020 temaplanen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring» med klar ambisjon om at elevar i Vestland skal ha det beste opplæringstilbodet. Dei økonomiske rammene til sektoren må være tilstrekkelig til å nå måla fylkeskommunen har sett for utviklinga av den vidaregåande skulen.»

Rosalind Fosse, FrP, sette fram slikt forslag:

«OPPKO tar saken til orientering.»

Jeanette Syversen, R, sette fram slikt tilleggssforslag:

«Auke rammene for opplæringstilbodet: (a)

1. Utvalet for opplæring og kompetanse innstiller Fylkes/finansutvalet om å sikre store nok økonomiske rammer til opplæringssektoren slik at det ved neste utlysning av opplæringstilbodet, blir sett i gang tilbod der ein veit at næringslivet har behov for faglært arbeidskraft, og læreplassar finns, og kapasiteten finns på skulane våre. (som til dømes Vg1 naturbruk ved Austrheim.)»

Jeanette Syversen, R, sette fram slikt tilleggssforslag:

«Sjå næring og opplæring i hop: (b)

Utvalet for opplæring og kompetanse oppfordrar finansutvalet om å sette av resursar for å kartlegge potensielle læreplassar og matche dette med forslag til utlysning av studietilbod som kan imøtekomme behovet for lærlingar, ved fylkeskommunen sine skular.»

Jeanette Syversen, R, sette fram slikt tilleggssforslag:

«Samferdsle knytt til utdanning: (c)

Fylkes/finansutvalet må ta omsyn til at skular og elevar skal ha eit velfungerande kollektivsystem, som kan motverke negative konsekvensar for elevar slik ein til dømes har sett ved Stad skule.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Berthelsen sitt forslag fekk 11 røyster og vart vedteke mot 4 røyster (3 H og FrP).

Fosse sitt forslag fekk 2 røyster (FrP og FNB) og falt.

Syversen sitt tilleggssforslag, (A) fekk to røyster (R og A, Tanaia) og falt.

Syversen sitt tilleggssforslag, (B) fekk ei røyst (R) og falt.

Syversen sitt tilleggsforslag, (C) fekk ei røyst (R) og falt.

Uttale

Hovudutvalet viser til vedlagt arbeidsdokument nr. 2/21 som kjem til handsaming i finansutvalet sitt møte 1. juni.

Hovudutvalet har følgjande innspel til arbeidsdokumentet nr. 2/21:

Opplæring- og kompetansesektoren har svært mykje å seie for Vestlandsamfunnet. Gjennom samfunnsoppdraget vårt skal me skape vekst og utvikling i heile fylket, utjamne sosiale skilnader mellom barn og unge og møte innbyggjarane våre med tilbod med høg kvalitet. Opplæring og kompetanse har eit breitt spekter av oppgåver. Dette krev eit mangfald av tilbod og løysingar. Opplæring er ein stor og arbeidsintensiv sektor, og det er saman med våre dyktige tillsete me løyser samfunnsoppdraget og når dei måla fylkestinget har sett for Vestland fylkeskommune. Hovudutval for opplæring og kompetanse vil løfte fram det fantastiske arbeidet som skjer i opplæringsfeltet i sektoren.

I sak om budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument - hovudutvalshandsaming peikar fylkesrådmannen på elevtalsutviklinga og større del av elevar på yrkesfag. Dei to fyrste åra er det ein liten nedgang (kjelde SSB), men i 2025 vil det vere om lag 576 fleire 16-18 åringar i Vestland fylke. Fylkesrådmannen slår med rette fast at dreininga frå studieførebuande til yrkesfaglege utdanningsprogram utfordrar tilbodsstrukturen og dei økonomiske rammene fordi dei yrkesfaglege tilboda har færre elevar pr. klasse. Overgangen er ei ynskt utvikling og vidare arbeid i den leia krev rom i dei økonomiske rammene for sektoren.

Vidare vil hovudutvalet peike på behovet for å auke opp tal klassar yrkesfag i Stor-Bergen. Utvalet syner her til politisk sak 19/21 og 20/21.

Hovudutvalet for opplæring og kompetanse viser også til brev frå Utdanningsforbundet Vestland 27.4.2021 og brev frå Utdanningsforbundet sine tillitsvalde på dei vidaregåande skulane nord i fylket (tidlegare Sogn og Fjordane)

Utvalet finn det rett å synleggjere dei tilsette sine bekymringar for konsekvensane av dei økonomiske rammene til sektoren når handsaminga av budsjett for 2022 og økonomiplan for 2022-2025 startar.

Fylkestinget vedtok i desember 2020 temaplanen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring» med klar ambisjon om at elevar i Vestland skal ha det beste opplæringstilbodet. Dei økonomiske rammene til sektoren må være tilstrekkelig til å nå måla fylkeskommunen har sett for utviklinga av den vidaregåande skulen.

PS 31/21 Framtidig nettopplæringstilbod for elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune ønskjer å utvikle eit likeverdig nettbasert opplæringstilbod elevar og lærlingar - Nettskulen i Vestland.

2. Under føresetnad av at nettopplæringstilbodet vert prioritert i budsjett 2022 og økonomiplanen, vil Vestland fylkeskommune opprettar ein prosjektorganisasjon for å utvikle nettskulen i Vestland, med oppstart hausten 2021. Kostnader for 2021 vert dekkja innanfor avdelinga sitt budsjett.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 19.05.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

1. Vestland fylkeskommune ønskjer å utvikle eit likeverdig nettbasert opplæringstilbod elevar og lærlingar - Nettskulen i Vestland.

2. Under føresetnad av at nettopplæringstilbodet vert prioritert i budsjett 2022 og økonomiplanen, vil Vestland fylkeskommune opprettar ein prosjektorganisasjon for å utvikle nettskulen i Vestland, med oppstart hausten 2021. Kostnader for 2021 vert dekkja innanfor avdelinga sitt budsjett.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune ønskjer å utvikle eit likeverdig nettbasert opplæringstilbod elevar og lærlingar - Nettskulen i Vestland.

2. Under føresetnad av at nettopplæringstilbodet vert prioritert i budsjett 2022 og økonomiplanen, vil Vestland fylkeskommune opprettar ein prosjektorganisasjon for å utvikle nettskulen i Vestland, med oppstart hausten 2021. Kostnader for 2021 vert dekkja innanfor avdelinga sitt budsjett.

PS 32/21 Strategisk samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet og Vestland fagskule

Forslag til vedtak

Hovudutvalet ber om at fylkesdirektør for opplæring og kompetanse gir prosjektstyret til Vestland fagskule oppdrag om å følgje opp tilrådingane til vidare arbeid i forstudierapporten

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse og fylkesdirektør for næring sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutvalet ber om at fylkesdirektør for opplæring og kompetanse gir prosjektstyret til Vestland fagskule oppdrag om å følgje opp tilrådingane til vidare arbeid i forstudierapporten.

PS 33/21 Koronaundersøkinga i Vestland. Utvalde resultat frå FHI si nasjonale undersøking

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

PS 34/21 Prinsipp - val av skulenamn på nye vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune skal i hovudsak gjevast namn etter lokale stadnamn.
2. I større kommunar med fleire skular kan det etter vurdering nyttast til dømes personnamn.
3. Skulenamn på vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune skal ha nynorsk skrivemåte.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune skal i hovudsak gjevast namn etter lokale stadnamn.
2. I større kommunar med fleire skular kan det etter vurdering nyttast til dømes personnamn.

3. Skulenamn på vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune skal ha nynorsk skrivemåte.

PS 35/21 Oppnemning av saksordførar i arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland

Forslag til innstilling

I arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning for Vestland fylkeskommune oppnemner fylkesutvalet

.....

som saksordførar.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 27.04.2021

Åsmund Berthelsen, SV, sette frem forslag om at sak PS 23/21 «Oppnemning av saksordførar i arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland» vert utsett.

Avrøysting til utsetjing:

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å utsette sak PS 23/21 «Oppnemning av saksordførar i arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialunderving i Vestland».

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

John Andre Kongsvik, H, sette fram slikt forslag:

«I arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning for Vestland fylkeskommune oppnemner fylkesutvalet

Sonja Merete Øvre Flo som saksordfører.»

Avrøysting

Kongsvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

I arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning for Vestland fylkeskommune oppnemner fylkesutvalet

Sonja Merete Øvre Flo som saksordfører.»

PS 36/21 Endringar til sak 19/21 justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22 - idrettstilbodet ved Sogndal vgs og presisering av vedtakspunkt 5.

Forslag til vedtak:

1. Opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22 ved Sogndal vgs vert endra slik:
 - a. Tilbodet på vg1 studiespesialiserande utdanningsprogram vert redusert med ein klasse frå tre til to klassar.
 - b. Tilbodet på Vg1 idrettsfag auka med ein klasse, frå ein til to klassar.

2. Nytt vedtakspunkt 5 til PS sak 19/21 - Hovudutval for opplæring og kompetanse ønskjer å auke tal klassar noko i høve til innstillinga. På grunn av pandemien vil hovudutvalet gjera ein ekstra innsats overfor elevar og lærlingar i ei krevjande tid. Det vert lagt til grunn at kostnadene vert dekkja innanfor avdelinga sitt driftsbudsjett.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Det var 14 medlemmer tilstades. Rasmus Laupsa Rasmussen permisjon frå kl. 16:15.

Åsmund Berthelsen, SV, sette på vegner av SV, A, SP, KrF og MDG fram slikt tilleggforslag:

«Tillegg etter pkt. 1 b

c. Det kan vere negativt for breidda i skuletilbodet ved Sogndal VGS å redusere frå tre til to grupper på studiespesialiserande. Likevel vert det vedteke fordi det var svært mange primærskolar til idrettsfag VG1 for skuleåret 2021/22

d. Hovudutvalet ber administrasjonen fram mot neste utlysing å arbeide fram løysingar for betre samhandling mellom skulane i Sogn om programfag slik at ein samla kan oppretthalde ei god breidde i skuletilbodet. Auka bruk av digital undervisning vil kunne gjere samarbeid på tvers av skulane mogleg. Skulen må også vurdere nærare om ein for framtida kan tilby større breidde i idrettsfag gjennom både å tilby idrettsfag som fordjuping/valfag ved dei andre studieretningane, studiespesialiserande og yrkesfag. Her vil Hovudutvalet vise til samarbeidet mellom Høyanger og Årdal VGS om programfag, og at det vil vere naturleg at Sogndal VGS vert ein del og medverkar i dette samarbeidet. Med betre samhandling vil Sogn ha naudsynt elevgrunnlag for å oppretthalde eit breitt opplæringstilbod.»

Emil Gadolin, A, sette på vegner av A, SV, SP, KrF og MDG fram slikt tilleggsforslag:

«Tilleggsforslag

Fylkesrådmannen får fullmakt til å justere tal klassar ved den einskilde skule på grunnlag av søkjartala frem mot endeleg inntak dersom det er nødvendig, og dersom det ikkje fører til oppretting eller nedlegging av utdanningsprogram eller programområde. Arbeidslivets behov og tilgjengelege læreplassar skal som vanleg vere styrande for eventuelle justeringar.»

Avrøysting

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse sitt forslag vart samrøystes vedteke (14 røyster).

Berthelsen sitt forslag fekk 9 røyster og vart vedteke mot 5 røyster (3 H, FrP og FNB).

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke (14 røyster).

Vedtak

1. Opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22 ved Sogndal vgs vert endra slik:

- c. Tilbodet på vg1 studiespesialiserande utdanningsprogram vert redusert med ein klasse frå tre til to klassar.
- d. Tilbodet på Vg1 idrettsfag auka med ein klasse, frå ein til to klassar.

c. Det kan vere negativt for breidda i skuletilbodet ved Sogndal VGS å redusere frå tre til to grupper på studiespesialiserande. Likevel vert det vedteke fordi det var svært mange primærskolar til idrettsfag VG1 for skuleåret 2021/22.

d. Hovudutvalet ber administrasjonen fram mot neste utlysing å arbeide fram løysingar for betre samhandling mellom skulane i Sogn om programfag slik at ein samla kan oppretthalde ei god breidde i skuletilbodet. Auka bruk av digital undervisning vil kunne gjere samarbeid på tvers av skulane mogleg. Skulen må også vurdere nærare om ein for framtida kan tilby større breidde i idrettsfag gjennom både å tilby idrettsfag som fordjuping/valfag ved dei andre studieretningane, studiespesialiserande og yrkesfag. Her vil Hovudutvalet vise til samarbeidet mellom Høyanger og Årdal VGS om programfag, og at det vil vere naturleg at Sogndal VGS vert ein del og medverkar i dette samarbeidet. Med betre samhandling vil Sogn ha naudsynt elevgrunnlag for å oppretthalde eit breitt opplæringstilbod.

2. Nytt vedtakspunkt 5 til PS sak 19/21 - Hovudutval for opplæring og kompetanse ønskjer å auke tal klassar noko i høve til innstillinga. På grunn av pandemien vil hovudutvalet gjera ein ekstra innsats overfor elevar og lærlingar i ei krevjande tid. Det vert lagt til grunn at kostnadene vert dekkja innanfor avdelinga sitt driftsbudsjett.

3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å justere tal klassar ved den einskilde skule på grunnlag av søkjartala frem mot endeleg inntak dersom det er nødvendig, og dersom det ikkje fører til oppretting eller nedlegging av utdanningsprogram eller programområde. Arbeidslivets behov og tilgjengelege læreplassar skal som vanleg vere styrande for eventuelle justeringar.